



Årsmelding 2020

Bø Turlag

Styret 2020

Arne Hjeltnes, leiar
Jarle Tyvold
Gudrun Helgadottir
Synne Blomquist, ny
Bente Drtina

Varamedlemmer:

Bjørg Kaasa
Halvor Gåra
Synnøve Tryggestad
Øystein Akselberg
Thorvald Amundsen

Revisor: Jan Lepperød

Nemnder, representantar i andre lag og valkomité

Turstinemnd:

Bjørn Steen, turområdeansvarleg

Turlagets representantar i Bø Løypelag:

Einar Fagerås
Per Holtung

Turknappnemnd:

Halvor Gåra
Solvor Marie Brukås Folkestad
Håvard Hogstad-Erikstein
Per Johan Nordvik, ny

Valkomit :

Per Johan Nordvik (leiar)
Tor Lønnestad
Ingrid Askildt

Styreaktivitet og medlemstal

Kommentar til val av nytt styre i 2020

På grunn av Covid 19-situasjonen vart årsmøte ikkje heldt som planlagt. Det har berre vore mindre endringar i styret, og det er ingen nye vedtekter til behandling på årsmøtet. Informasjon om sakene som skulle vore dagsorden på årsmøtet, vart lagt på heimesida og

Facebook med ønske om tilbakemelding, og på val av nytt styre. Ingen protester eller kommenter kom. Det nye styret såg derfor ikkje behov for å gjennomføre eit nytt årsmøte seinare på året. Det nye styret godtok valnemndas innstilling.

Styret har hatt 5 møte i 2020: 30/1, 20/3, 29/8, 2/9 og 8/12. Laget hadde 290 medlemmer i 2020 mot 290 i 2019.

Turprogrammet 2020

Programmet var felles med Gvarv Turlag. Covid 19-pandemien har påverka programmet i stor grad. Alle turar før sommaren vart avlyste og første tur gjennomført 11. august. Reglar om smittevern vart satt i samråd med kommunelegen; dvs registrering ved frammmøte og at deltakarane sjølve måtte passe på 1 meter avstand på turen. Kommunelegen tillèt samkøyring for 3-4 personar.

Trilleturar

Desse held fram, og små barn og foreldra trilla saman kvar tysdag kl. 11. Turen tek om lag ein time, deretter var det sosialt samvær på Meierismuget eller Husly.

Rusleturar

Desse er korte turar i sakte tempo, gjerne i mindre grupper som arrangerast tysdag året rundt, med oppmøte i Gullbring kl. 11. Alle er velkomne. Etter turen er det høve til å ta en kaffikopp og ha en god prat. Opplegget er eit samarbeid mellom Bø Turlag, Bø og Sauherad Røde Kors, Bø og Sauherad revmatikerlag, Oterholt helselag og Aktive eldre som alle stiller med turverter. Der er som regel 5-10 deltakere. Rusleturar kom i gang igjen i juni etter koronastopp.

Tysdag 15. september var det en helt spesiell "Rusletur" i Evjudalen i samarbeid med kommunens Friskliv og Gullbring kulturhus. "Ibsen: Fjord til Fjell" er resultatet av samarbeid mellom skodespelar Jeanne Bøe og DNT Telemark. Bøe reiste rundt i fylket og deklamerte Ibsen ute i kontakt med naturen. På grunn av korona-situasjonen ble deltakarar inviterte, men opplegget fungerte veldig fint i Evjudalen for de vel 40 som var til stede. Rusleturen gikk i strålende haustvær med to stopp på ca 10 minutt. I løpet av den tida ga Jeanne Bøe dei frammmøtte eit glimrande kort glimt inn i Peer Gynt sitt liv. Arrangør skreiv på facebook «Det var lydhørt og fornøyd publikum som koste seg i sola. Til og med endene i Lortebekk viste tydelig at de satt pris på litt kultur i hverdagen».

Bømarsjen

Bømarsjen gjekk i området Sætersbø, i kulturlandskapet mellom dei samanslåtte kommunane. Idrettsplassen på Hørte var start og mål for både kort og lang løype. Turen gjekk på variert terreng; skogssti, steinlagt tømmerveg, grusveg, beitelandskap, litt asfalt, gjennom skog, tradisjonelle og historiske gardstun med utsikt over Sætersbø, mot Bø og Lifjell. Kort og lang løype: 5.7 og 10.6 km. Begge løyper gjekk til Lindelia der stasjon var satt opp med berre saft/kaffi – ettersom Covid-19 situasjonen gjorde at folk måtte ta med matpakke. Frå Lindelia gjekk lang løype nede i bygda tilbake til Idrettsplassen. Der var strålende turvêr og bra oppslutning på 97 deltakarar, derav ein deltakar for 40. gang! Rapporten konstatera at «Alle var samd om at det var eit bra opplegg».

Bli kjent med Lifjell

Der var 18 deltakarar – frå 11 - 78 år og dagsturen gjekk på kom-deg-ut dagen 6. september 2020. Turen var tenkt som introduksjon til turlaget og til Lifjellområdet. Turen starta på Jønnbu og gjekk rundt Øysteinntoppen (1174 moh). Dette var middels krevjande tur, 5-6 t.

Turleiarar rapporterte at «Det blåste friskt på toppane, men vi hadde gode og hyggelige pauser i sol og høstfarga lyng, og det ble tid til både innføring i Lifjells geologi, innsjekking av trimpoeng og dukkert i Storsteintjønn. En flott dag til fjells!». Turleiarar var Anette Norheim Fredly og Live Semb Vestgarden.

Ljoslihovet

Sundag 23. august gjekk dagsturen til Ljoslihovet for 13 deltakar med turleiarar Bjørg Kaasa og Svein Arntsen. Samkøyring fram til Grønbygil der Svein informera kort om staden. Fyrste stopp ved Gavlesjåhytta. Svein og andre orientera om staden. Sti til Ljoslihovet 844 moh. Utsyn til dei fleste toppar på Lifjell. Matpause ved Tjønntul. Turen gjekk tilbake langs med Kruvla og ned til Aslakstul. Svein orientera om staden. Tilbake via Gavlesjåhytta til Grønbygil. Bø torg ca kl 14.



Tjønntul. Økteren bak. Foto: Arne W Hjeltnes

Stasnibb i Lunde

Tysdag 11. august var der kveldstur til Stasnibb i Lunde (443 moh) for 11 personar med Thorvald Amundsen som turleiar. Han skreiv at «været var kjempefint, og utsikten var flott. Stemninga var god, og kaker og kaffe smaka godt». Middels krevjande tur.



Prosjekt i turområda i 2020

Gygrestolen

Gygrestolen har blitt meir og meir populær som reisemål, og ofte med resultat parkeringskaos og dårleg framkome for nødetatar og tynge landbruksmaskiner på Uvdalsvegen. Ny parkeringsplass til turområdet Gygrestolen vart ferdig på rekordtid sommaren 2020 med effektiv, positiv planlegging og gjennomføring av grunneigar, kommunen og Eikabygda vel. Sparebankstiftinga Bø løyvde 25 000 kr til prosjektet. Kommunen forskuttera resten av kostnadene. Resultatet er 26 nye parkeringsplassar og 15 på eksisterande plass. Trass dette er der framleis fare for at parkeringen ikkje er tilstrekkelig på dagar med stor pågang.

Følgande er vedteke om drifta av parkeringen og turområdet:

- Bø turlag tek ansvaret for oppmerking av dei to parkeringsområda, samt informasjonstavler om turområdet og parkering/camping-forbod.
- Kommunen tek ansvar for renovasjon, skilting og innkreving av parkeringsavgift.

Tre-topperen på Jønnbu

Tretopper'n er ein kort fjelltur nær parkeringsplassen på Jønnbu på Lifjell – opp til tre små fjelltoppar. Dette er Anebunatten, Krintofjellet og Bøkstulnatten.

Vi jobbar nå med å tilrettelegge for eit lågterskeltilbod for barnefamiljar og alle som ønsker kort fjelltur med lett fottøy, magisk utsikt og oppleving av flott fjellnatur. Stiane er i dag stekt slitt, steinfulle og gjørmete i våte område. Vi samarbeider med reiselivet i Midt-Telemark, DNT Telemark, hytteutbyggjarar og grunneigarar på Jønnbu og Midt-Telemark kommune

Vi har drenert våte parti i «Bestemorssløyfa» med gravemaskin og laga rasteplass. 3 tonn steinheller er kjørt opp til Jønnbu, og desse skal leggjast ut i Anebudalen og «Bestemorssløyfa». Arbeidet i Tretoppe'n held fram i 2021

Informasjonsbrosjyre med kart vart nesten ferdig i 2020. Engelsk og norsk språk.

Folkestadåsane

Vi har henta 1 tonn med steinheller som skal nyttast til klopping av våte parti nord for Telemarkhallen i 2021.

Oppdatering av turkart

Alle merka og umerka stiar og traktorveggar i 6 turområde er kontrollerte i marka og lagt inn i felles kartdatabase til Bø Turlag og Gvarv Turlag. Kartverket vil oppdatere dei nasjonale kartdatabasene slik at alle papirkart og appar får oppdatert innhald. Vi har og levert kartdata

til det nye *Turkart Bø* som går i trykken våren 2021. Dei 6 turområda: Breisås, Folkestadåsane, Gygestolen, Høyslass, Bryggefjell og Maskat (på Bø-sida). Sjå kart på heimesidene til turlaga.

Stor takk for alt arbeid som er utført i 2020!

Turknappen 2020

Bok på turpostar med mykje folk vart teke inn på grunn av koronasmittefare. Dette gjeld: Gygestolen, Høyslass, Åstjønn, Bryggefjell og Øysteinatten, men folk fikk godkjent registreringskjema.

Nye postar: Ballongfararsteinen, Seljord – 720 moh, Årnatten, Liheia – 572 moh, Fønnstul ved Vårbu – 520 moh, Store Damtjønn, Breisås – 335 moh, Murukleivhola ved Årmoddalen – 650 moh.

I år har 22 fullført turknappen, bare ein for fyrste gong og skal ha bronseknapp. To har fullført 5 gonger og skal ha sølv og ein 10 gonger og får gullknapp. I år har ein fullført 25 gonger og får varde, eit fint keramikfat.

Andre aktivitetar 2020

Sjølv om turprogrammet ikkje kunne fullførast vart dette eit aktivt år for Bø Turlag. Turlaget samarbeider framleis med Gvarv Turlag om turprogram og brosjyre.

For å styrke arbeidet med vedlikehald og merking av stiar vart det etablert ein dugnadsgjeng.

Den nye kommunen Midt-Telemark er i gang med å utarbeide kommuneplan. Styret drøfta innspel til planprosessen i 2019. Saka vart drøfta i styremøte i januar, følgende oppsummerer styret sitt syn: Generelt er det viktig å tenke på behova som folk flest har for lavterskel tilgang til friluftslivsområder for alle aldersgrupper og med ulike funksjonsnivå. Vi må ta vare på og utvikle friluftsområder for innbyggere i og besøkende til Midt-Telemark kommune. Videre utviklet styret tre prinsipp for sitt innspill til kommuneplanen: Nærhet, langsiktighet og helhet. Nærhet for å folk skal ha lett tilgang til friluftsområder i gangavstand fra heimene sine, langsiktighet dvs proaktiv i at kommunen legger opp forutsetninger for fremtidens planer og helhet for å sikre at planlegging ikkje blir stykkevis, tilfeldig og fragmentert, men gir ein forutsigbar ramme for utvikling. I august sendte Bø Turlag eit formelt innspel til kommunen.

Videre ga Bø turlag innspel til søknad om arealplan endringer på Hellestad sandtak der vi vektla verdien av Folkestadåsane. Bø turlag var representert i dialogmøte om utviklingen av Lifjellområdet som reisemål. Videre var det dialog med fleire grunneigarar og interessentar om arealbruk for friluftsliv i kommunen.

Turlaget på internett

På turlaget sine heimesider boturlag.no finn ein kart og omtale av turområda samt informasjon

om og annonsering av turane. Dessutan nyttar turlaget Facebook til å annonsere turar som kjem, og fortelje om turar vi har hatt. Kom gjerne med bilde frå turar!

Lagets økonomi

Rekneskap for 2020 kjem som eiga sak, men styret meiner at Bø Turlag har god økonomi.

Konklusjon

2020 har vore nok eit aktivt og godt år for Bø Turlag sjølv om Covid-19 har preget samfunnet!

Arbeidsplan 2021

I tillegg til den ordinære drifta, som omfattar å organisere turar, vedlikehalde stinettet og jobbe med politiske saker som gjeld friluftslivet i Bø, vil vi jobbe med nokre få større prosjekt:

Kloppe våte parti i turstiane i Gyrestolen og Folkestadåsane vest for Trytetjønn

Fullføre arbeidet i Tretopper'n

Klimatilpassing. Vi ønsker å fortsette arbeidet med å legge om turstiar slik at vi unngår store våte parti.

Bø, 2. mars 2021

Styret i Bø Turlag